



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



Me ønskjer alle ein fin og ikkje alt for mørk novembermånad

TV-AKSJONEN 2025 - RESULTAT FOR BYGLAND

LES MEIR - S. 5 <<<

Blant Bygland sine gode helsetenester finn du hjelpemiddel- og synskontakt, høyrselekskontakt og Open omsorg.

FØREJOLSTIDA I BYGLAND



MERKETIDER NOVEMBER 2025:

- 02.11: Minnegudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø, kl. 19.30 - Vi minner dei døde
- 16.11: Diakonigusteneste i Bygland kyrkje, kl. 16.00 - Vi takkar tidlegare kyrkjevevjen Olav Nilsen for innsatsen sin i Bygland og Årdal sokn

>>> LES MEIR - S. 9

Veldig godt resultat for TV-aksjonen under innsamlinga i Bygland søndag. Bygland kommune nr.7 i Agder.

HELSETENESTER I BYGLAND KOMMUNE

>>> LES MEIR - S. 14

Førejolstida startar allt i november. Få oversikt over arrangement som joleverkstad og jolemarked både sør og nord i kommunen.



ORDFØRAREN SI SIDE

HELING FRÅ ORDFØRAREN

ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM

Kjære alle saman!

November er komen og dei lyse dagane blir kortare. Folk trekk seg gjerne meir inn i husa og blir litt meir reserverte. For mange blir einsemda meir tydeleg i mørketida. Det er viktig å ta vare på kvarandre og hugse på dei som sit mykje aleine. Det treng ikkje å vere så komplisert, det kan handle om smil, ei vennleg helsing eller ein kopp kaffi.



Akkurat no er vi inne i ei viktig tid for kommunen, med budsjettarbeid for dei kommande åra. Administrasjonen jobbar lange dagar for å lage eit budsjett som sikrar at vi kan fortsetje å levere gode nok tenester, og for å utvikle kommunen vår på best mogleg måte. Det er eit mål som delast av eit samla kommunestyre og administrasjonen. Gode tenester i botn er med på å skape bulyst og tryggleik for innbyggjarar og besøkande. Det kan fort bli krevjande prioriteringar, men saman gjer vi vårt beste for å finne dei rette løysingane. Kommuneøkonomien i Bygland, men også i store delar av Noreg er under sterkt press. Og omstilling tek tid!

Sjølv om budsjettet er viktig, er trivsel i kvardagen med på å skape bulyst. Det handlar om trygge nabolag, eit inkluderande kulturliv, og at vi tek vare på kvarandre. I haustmørket vil eg oppmode dykk alle til å vere gode naboar og sambygdingar.

Ha ein trygg og fin november!

Med venleg helsing, Runar Granheim

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 75

- **Ansvarleg redaktør:** Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt
- **Bilete:** Framside: Vassend på Byglandsfjord/Johannes Hansen; Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, S. Hegenscheidt, Olav Grendstad; Kva skjer: Hauststemning/Bygland kommune
- **Arkiv:** bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt desember 2025: 01.12.2025, skrivefrist 27.11.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt



OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025

Vi har eit godt utval av bøker, tidsskrift, lydbøker og filmar for alle. Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland gard & ætt.

På Bygland er det høve å sjå vikingutstillinga og tinge vikingsmykke i biblioteket sine opningstider.



BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- mandagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30



BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD

- mandagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30





POLITISKE MØTE - NOVEMBER 2025



- Kommunestyremøte: 06.11. kl. 09.00
- Rådet for eldre og personar med funksjonsnedsettingar: 10.11. kl. 15.00 og 24.11. kl. 12.00
- Bygland ungdomsråd: 10.11. og 24.11. kl. 15.00
- Arbeidsmiljøutvalet: 24.11. kl. 10.00
- Plan-, miljø- og ressursutvalet: 25.11. kl. 09.00
- Levekårsutvalet: 26.11. kl. 09.00
- Formannskapsmøte: 27.10. kl. 09.00

Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte



Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Difor blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under Politikk og innsyn på heimesida vår: **bygland.kommune.no**

EIGENBEREDSKAPSVEKA 2025

I veke 44 vart det gjennomført den nasjonale eigenberedskapsveka.

Årets tema er **felles eigenberedskap**, og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) oppmodar alle til å ta godt vare på kvarandre og bli ein **beredskapsven**.

Her kan du lese informasjon og råd rundt Eigenberedskap: **www.dsb.no/sikkerhverdag/eigenberedskap/**

Ved publikumsmottaket på kommunehuset på Bygland får du to brosjyrer med overordnede råd:

- *Tips for å klare deg heime under ei krise*
- *Slik hjelper du andre med eigenberedskap*



RÅDET FOR ELDRE OG PERSONAR MED FUNKSJONSNEDDSETTINGAR

JOLEBORD FOR PENSJONISTANE I BYGLAND



torsdag 11.12., kl. 18.00 på Revsnes hotell, Byglandsfjord

Rådet har kr. 10.000.- som må brukast før nyttår og for å få fult JOLEBORD må me ha ein egenandel på **kr. 250.-/pers** som inkluderer varm/kald mat, + dessert. Drikke må ein betale for sjølv. **VIPPS til: 95868260** eller kontant ved fremmøte.

Påmelding innen 4. desember på telefon eller SMS til tlf: 95868260.

Det er plass til 40 stk så ver raskt ute,
«FØRSTE MANN TIL MØLLA o.s.v.»

JOLEBORD FOR PENSJONISTANE I BYGLAND



Rådet for eldre og personer med funksjonsnedsettingar inviterer til JOLEBORD På Revsnes Hotell **TORSdag 11. DESEMBER KL 18.00**

Rådet har kr. 10.000.- som må brukast før nyttår og for å få fult JOLEBORD må me ha ein egenandel:

På kr. 250.- pr. pers som inkluderer varm og kald mat, + dessert. Drikke må den enkelte betale for sjølv. VIPPS til: 95868260 eller kontant ved fremmøte.

Påmelding innen 4. Desember på telefon eller SMS til



Telefon nr: 95868260

Det er plass til 40 stk så ver raskt ute.
«FØRSTE MANN TIL MØLLA o.s.v.»





HELSE OG OMSORG


HJELPEMIDDEL OG SYN

Kva tilbyr me?

Me låner ut tekniske hjelpemiddel når behovet er kortvarig/forbigående. Me låner til dømes ut på korttids-utlån: rullestolar, krykkjer, rullatorar og liknande.

Ta kontakt med hjelpemiddel- og synskontakten

Kenneth S. Fyhn; tlf.90 22 55 03; kenneth.sahlsten.fyhn@bygland.kommune.no



HØYRSEL

Kva jobbar høyrselekskontakten med?

Høyrselekskontakten gjennomfører kartlegging og tilrettelegging hos innbyggjarar med høyrselsutfordringar i heimen, og dessutan utviklar høyrselesomsorgen i kommunane.

Høyrselekskontakten i Bygland kommune kan hjelpe med blant anna:

- spørsmål om hjelpemidlar
- behov for vurdering
- ønskjer om hjelpemidlar
- varslings i heimen

Ta kontakt med høyrselekskontakten

Anne Marie I. Bygland; tlf. 482 51 398; anne.ingebretsen@bygland.kommune.no
Måndagar i oddetalsveker kl. 08:00-15:00

HEIMESJUKEPLEIE (OPEN OMSORG)

Heimesjukepleien gir hjelp og rettleiing til eldre, sjuke eller personar med funksjonsnedsetting som bur heime

Kven kan få tilbodet?

Alle som bur, eller mellombels oppheld seg i kommunen, og som på grunn av helsesvikt har behov for helsehjelp, kan få vedtak om heimesjukepleie. Heimesjukepleie er behovsprøvd og tidsavgrensa.

På Bygland kommune si heimeside finn du informasjon om, bland anna:

- **Kva kan du få hjelp til?**
- **Kva kan du forvente av oss?**
- **Kva forventar vi av deg/dine pårørande?**
- **Korleis du søker.**

Ta kontakt med avdelingsleiar Open omsorg

Kristina Ose; tlf.99 53 07 99; kristina.ose@bygland.kommune.no



Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

HELSE OG OMSORG

November - program på Byglandsheimen

Dag	Dato	Klokke	Aktivitet
Tysdag	4/11	14:00	Andakt med Knut
Onsdag	5/11	11:00	Open Dag
Torsdag	6/11	14:00	Besøksvenn – Musikk Bingo
Onsdag	12/11	11:00	IKKE OPEN DAG
Torsdag	13/11	11:00	Open Dag – Senior Shop
Tysdag	18/11	14:00	Andakt med Kristine
Onsdag	19/11	11:00	Open Dag
Onsdag	26/11	14:00	Open Dag – Julekonsert med Jenny Jenssen

JENNY ELSKAR JULA!

Ein kan knapt minnast eller kjenne til ein annan artist her i landet som er så «julete» som nettopp Jenny Jenssen. Allereie i slutten av oktober kjem ho i julestemning, heng opp julelys i hagen og pyntar inne. Og julestemning blir det også i Setesdal når ho kjem til Bykle, Valle og Bygland med sin juleturné «Jennys Jul» onsdag 26.11! Julekonsertane til Jenny Jenssen speglar hennar nære forhold til jula og julebodskapen. Jenny fortel om si eiga barndomsjul og oppvekst, og om korleis ho opplevde juleførebuiningane.

Songane Jenny framfører er mellom anna henta frå den publikums- og kritikarroste juleplata Jennys Jul. Her kjem dei kjende og kjære julesongane som perler på ei snor, inkludert Trygve Hoff si “Nordnorsk julesalme” og “Et lys imot mørketida.

Velkomen til konsert på Byglandsheimen 26.11. kl. 16.00!



SAMFUNN



RUNDKØYRINGA PÅ BYGLANDSFJORD

Bygland kommune er straks ferdige med grunnarbeid til utsmykking i rundkøyringa på Byglandsfjord. Her vil det vere litt rotete i midten av rundkøyringa fram til me er ferdige (ca. midt-november).

Me ser fram til å presentere sluttresultatet (grunnarbeid + utsmykking) om ikkje alt for lang tid. Og at rundkøyringa da ønskjer folk **velkomen til Byglandsfjord og Bygland kommune!**

Bilete: Johannes Hansen og Gunnar Haugå/Bygland kommune





FLAUMKARTLEGGJING I BYGLAND SENTRUM

Mange hugsar nok flaumen som råka Bygland i 1997, då store vassmengder førte til omfattande skadar på både bygningar og veganlegg. Framover kan vi vente oss våtare og villare vertilhøve, og difor samarbeider kommunen med hydrologer for å kartleggje flaumfare i Bygland sentrum.

Skulen, KVS og kommunehuset er blant bygningane som er utsette for flaum. Kartlegginga vil gje eit grunnlag for å vurdere kva tiltak som må setjast i verk for å sikre tryggleik og beredskap. Kommunen ønskjer òg at kartlegginga skal bidra til å leggje til rette for vidare utvikling i Bygland sentrum.

Rapporten frå dette arbeidet vil bli gjort tilgjengeleg i løpet av kort tid.



Foto: symbolbilete flaum

OPPVEKST



Bilete: Hege Jore Gakkestad



FISKEDAG PÅ BARNESKULEN

Torsdag 16.oktober fekk 1-4.kl på Bygland skule besøk av fiskebiolog Nils Børge Kile. Dei drog opp garn nede på Tangen og fekk både aure, bleke, bekkerøye og ørekyte. Nils var med dei å sløye fisken og dei lærte mykje om fisk og livet i fjorden.



IT TAKES A VILLAGE - EIN DAG FOR BARNES OPPVEKST

Foreldrefestival 2025 - Laurdag 15. november

Hylestad soknehus, Rysstad i Valle | Kl. 09:00–15:00

Eitt barn - ein dal - mange hender

Velkomen til It Takes a Village - ein festivaldag i Valle som samlar alle som bryr seg om barns oppvekst; foreldre, besteforeldre, frivillige og fagfolk frå ulike felt. Målet er enkelt: å dele kunnskap, skape refleksjon og styrke det lokale fellesskapet som gir barn gode vilkår.



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Bygland frivilligsentral og BUA Bygland

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka
- Innsats for andre, valfag for 8 klasse: Kan tilby praktisk hjelp heime.

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagscafe: måndagar i oddetalsveker kl. 12.00 - 14.00 (03. og 17.11.)
- KREATIV: kvar onsdag kl. 15.30 - 17.30
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetalsveker kl. 16.00 - 17.30 (04. og 18.11; for meny sjå s. 9)
- Bingo: tysdagar i partalsveker kl. 18.00 - 20.00 (11. og 25.11.)
- Strikkecafé: 1 og 3 torsdag i månaden kl. 18.00 - 21.00 (06. og 12.11.)

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening i Byglandshallen: kvar torsdag kl 13.00 - 14.30
- Teppebowls: torsdagar i oddetalsveker kl. 17.00 (06. og 20.11.)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorcenter: annakvar måndag, kl. 11.00 - 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (10. og 24.11.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.00 - 20.00, Nesmoen 3, Bygland

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- Måndagar: Juniorklubb (5 - 7 klasse; kl. 15.00 - 17.45)
- Onsdagar: Ungdomsklubb (8 klasse - 3. vgs; kl. 18.00 - 21.00)
- Fredagsklubb i Årdalshallen, Byglandsfjord: 5.-7.trinn (kl. 18.00 - 21.00); **neste 31.10. og 28.11.**
- **VOLLEYBALLTURNERING, FREDAG 14.11. KL. 20.00 - 23.59. BYGLANDSHALLEN**



Følg med på Bygland ungdomsklubb si Facebook-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Foto: Anne Fauske



Foto: May Britt Stenjør



Foto: Monica Helle

TV-AKSJON 2025, SAMAN OPNAR VI DØRER - RESULTAT FOR BYGLAND

Veldig godt resultat for TV-aksjonen under innsamlinga i Bygland søndag. Bygland kommune nr.7 i Agder.

Bygland kommune nr.7 i Agder under TV-aksjonen søndag 19.10. Bygland er den kommunen i Agder som fekk mest inn på bøssane i år sett ut i frå innbyggartal!

TV-aksjonen har til no fått inn 240 306 268 mill. kr.

Svalbard stend som den rausaste gjevaren basert på innbyggartal med 473 kr. per innbyggjar.

I Agder kjem Bygland på ein flott 7. plass rett bak Valle. I Bygland har det blitt gjett i snitt 79,56 kr. per innbyggjar!


Bygland kommune har bidratt med kr. 20 000. Ikkje minst har Byglandsfjord oppvekstsenter bidrege med kr. 4390, på sitt lommelyktløp 16.10!

Tusen takk til alle dei flotte bøsseberarane som nytta noko av si tid under TV-aksjonen, for å støtte opp om ei god sak! Og takk til elevar frå KVS-Bygland som deltok i år.

Ikkje minst, takk til deg som tok så godt i mot dei alle.

Totalt samla me inn kr. 49 352 på bøssane. 27 000 kr. i kontant og resten på Vipps.

Totalen for både bøsser, kommunalt bidrag og lommelyktløp er 93 885 kr. !



Foredrag:

VEGEN SOM VART MIN – ODDGEIR BRUASET SER TILBAKE

torsdag 13. november kl. 18.00, Bygland kulturscene. Gratis inngong

Oddgeir Bruaset (fødd 1944) er ein norsk journalist, forfattar og programleiar. Han var tilsett i NRK i over 40 år og er spesielt kjend som skapar og programleiar i dokumentarserien *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu*.

Høyr Oddgeir fortelje om stort og smått på si reise gjennom Noreg.



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BUA BILEN:

Bua bilen (den elektriske ni setaren som me no har) er mykje i bruk. Til no har den vore i bruk nesten kvar dag, både kvardag og helg. Det er veldig stas, og syner at dette var det behov for.

Då me arbeida med å danne eit bilde av behov for transport, kom det innspel på at barn og ungdom ønska seg transport til og frå ungdomsklubben eller treningar. Det var kanskje eldre som hadde behov for å verte henta for å delta på aktivitet, og det var nokre som kunne tenkje seg å «låne ei gome eller gofa». Altså nokre ungdom som kunne tenkje seg å låne eit vaksent menneske og bilen for å kome seg rundt i kommunen.



No er me der at me ønsker å høyre frå deg som innbyggjar, kan DU tenkje deg å vere sjåfør på noko av det me har nevnt? Til dømes å køyre ei gong innimellom frå Byglandsfjord til Bygland når det er ungdomsklubb, eller køyre å hente eldre som ønsker å delta på open dag på Byglandshiemen?

Ein slik bil treng også ettersyn. Me har difor lyst å høyre om det er nokre som kunne tenkje seg å hjelpe med det. Til dømes vaske den av og til (i maskin eller for hånd), køyre den på service, eller tørke over interiøret nå og då.

Målet er å prøve å få inn ein del frivillgie, slik at du ikkje treng binde deg for ofte 😊 Det fleire frivillige, det fleire til å dele på behovet.

Me treng deg som frivillig 😊 Du kan delta så mykje eller lite som passar deg. Du får oppfølging og opplæring. Meld gjerne di interesse på telefon: 945 10 770, eller kontakt meg på e-post: anne.fauske@bygland.kommune.no.

Du kan og lese meir om bilen, og melde deg som frivillig her: [Bygland frivilligsentral](#)
[Bygland frivilligsentral - BUA Bilen](#)



BYGDEMIDDAG - MENY NOVEMBER

tysdag 4.11. : Kyllingsalat med loff.

Påmelding: Tone. Tlf: 994 90 912

tysdag 18.11: Kylling med ananas i kremet karrisaus og salat.

Påmelding. AnneMarie Tlf: 403 44 373

Stad og tid: Bygland frivilligsentral, Bygland; kl. 16.00 -17.30



BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkje.no og på Facebook

- Sokneprest: Kristina Borgen: 473 28 472
- Kyrkjevevjerje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



GUDSTENESTE

- **sundag, 02.11. kl. 19.30, Sandnes kyrkje, Åraksbø -**
Minnegudsteneste
- **sundag, 16.11. kl. 18.00 Bygland kyrkje -**
Diakonigudsteneste med dåp og avslutning for **Olav**
Nilsen. Song og musikk ved Oddbjørn Stakkeland,



Charlie Blackwater, Vonheimkoret og Annemarie de Jong. Samkome på Vonheim etterpå.

- **sundag 30.11. kl. 20.00, Bygland kyrkje -** Ljosmesse

ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

DÅP

- **tysdag, 04. og 18.11. kl. 14.00**
- **sundag 02.11. kl. 16.00 Austad kyrkjegardskapell**
- **sundag 16.11. kl. 18.00 Bygland kyrkje**

BEDEHUSBASAR

Bygland misjonslag inviterer til basar i Vonheim bedehus, Bygland, **laurdag 01.11. kl. 17.00**. Det blir andakt, sang av Vonheimkoret, kveldsmat og åresal og sal av lodd på bok. Gevinster mottas med takk. **VELKOMEN!**



NY KYRKJEVERJE I BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Me ønskjer **Anne Synnøve Ropstad** velkomen i Bygland!

Anne Synnøve Ropstad etterfølgjer Olav Nilsen som kyrkjevevjerje i Bygland og Årdal sokn. Ho er oppvaksen på Moisund i Setesdal, etter å ha blitt fødd i Kristiansand. Ho kjem frå ein samfunnsengasjert familie med røter i Evje og Hægeland, og er datter til Gunda Wiberg og tidlegare ordførar i Evje og Hornnes, Bjørn Ropstad. Oppveksten hennar var prega av tryggleik, lek og friluftsliv, med småskule på Moi og vidare skulegang i Hornnes og Evje.

Ho har ei imponerende utdanning innan sosialantropologi, geografi, statsvitskap og teologi, og manglar berre praktikum for å bli prest. I tillegg har ho lang arbeidserfaring frå både butikk, skule og kyrkjeleg arbeid – både i Noreg og internasjonalt, mellom anna i India, Thailand og Mali. Etter mange år ute, flytta ho heim att til Setesdal og bur no i Tingbergheia med familien sin. Ho er kyrkjevevjerje og trusopplærar i Bygland, og engasjert i ungdomsarbeid og konfirmantopplæring i fleire kommunar i dalen. Anne Synnøve er ein samfunnsengasjert og allsidig person med eit sterkt kristent engasjement og eit varmt hjarte for bygda og kyrkja.

Tlf. 90 91 66 64 - e-post: AR375@kyrkja.no

Bilde: Øystein Moi





»»» TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING -NOVEMBER 2025

- **Matavfall og restavfall:** veke 46: torsdag 13.11.
- **Papir og plast:** veke 48: tysdag 25.11.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 48: torsdag 27.11.



GJENVINNINGSTASJONER

- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (12.11.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (22.11.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (08.11.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 901 94 724

KINO PÅ BYGLAND - NOVEMBER

BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Kiosk: Framsteg 4H

ONSDAG 5.NOVEMBER

KL. 17.30: RUFFEN: SJØORMEN SOM IKKE KUNNE SVØMME

6 år. 110 kr. Barnefilm / Animasjon / Familiefilm

KL. 19.30: SPRINGSTEEN: DELIVER ME FROM NOWHERE

9 år. 130 kr.

BYGLAND FILMKLUBB PÅ BYGLAND KULTURSCENE

SUNDAG 16.NOVEMBER

KL. 19.00: TOPP HEMMELEG FILM

Aldersgrense: Inngong: 50 kr; Medlemskap kjøpes i døra.

TURISTINFORMASJON

TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ


Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland.

Her får du informasjon og turtipps til lokale og turistar, kulturarrangement, is, snacks og kaffe. I tillegg til kafé og turistinformasjon, arrangerer Stoga guida turar på førespurnad over heile kommunen. **Guide/turistvert: Olav Grendstad.**

Ope fredagar og sundagar kl. 13.00 - 20.00



**YMSE >>> FOLKEMUSIKK, KOR, KORPS, REVY****SETESDAL SPELEMANNSLAG****FOLKEMUSIKKSAMLING FOR BARN OG UNGE**

Hylestad soknehus, Bjugbakksvegen 1; 4748 RYSSTAD
laurdag 22.november kl. 11.00 - 15.30

Valle kultur og fritid vil i samarbeid med Setesdal Spelemannslag invitere til ei innhaldsrik folkemusikk-samling på Hylestad soknehus.

VELKOMEN!

Kl. 11.00–12.00 – Leikarring introduksjon – Åse Solbakk (Aldersgruppe 0–6 år)

Kl. 11.00–12.00 – Halling introduksjon – Kjetil Myhren (1.–4. klasse)

Kl. 11.00–12.00 – Kveding introduksjon – Sigrid Berg (5.–8. klasse)

Kl. 12.00–12.30 – Frukt- og drikkepause

Kl. 12.30–13.15 – Halling introduksjon – Kjetil Myhren

Kl. 12.30–13.15 – Munnharpe introduksjon – Eivind T. L. Knutsen

Kl. 12.30–13.15 – Fele introduksjon – Daniel Sanden Warg

Kl. 13.15–13.30 – Frukt- og drikkepause

Kl. 13.30–14.00 – Gangar introduksjon – Tor Espen Helle

Kl. 13.30–14.00 – Kveding introduksjon – Sigrid Berg

Kl. 13.30–14.00 – Munnharpe introduksjon – Eivind T. L. Knutsen

Kl. 14.00–14.30 – Fellesdans for alle grupper

Kl. 14.30–15.30 – Gratis middag – Lapskaus med flatbrød og saft

**KONG HANES EFTF.**

onsdagar kl. 19.00 - 21.00:
Korøving; musikkrommet på
Bygland skule

BYGLAND HORN MUSIKK

tysdagar kl. 18.00 -20.00
Korpsøving; Bygland kulturscene

BYGLAND LEIKARRING

måndagar kl. 16.00 -16.30;
Bygland kulturscene

BYGLAND DRAMATISKE SELSKAB
BYGLAND REVY 2025 -
Vegen blir til mens du står.

Tid: Torsdag 6., fredag 7. og laurdag 8. november, kl. 19.00.

Stad: Bygland kulturscene.

Sal av biletter: Coop Ose; Matkroken/Haugå Landhandel,
Bygland; Databutikken Evje.

**BJOREN BRYGGE (PÅ BYGLAND) - NOVEMBER****ARRANGEMENT**

- 08.11: Revy – Åpent 17:00–00:00
- 14.11: Open Pub – Åpent 15:00–00:00
- 22.11: Muzic Bingo – 20:00–01:00
- 30.11: Advent's Åpent – Kaffe & kake 15:00–19:00

📌 Husk middag kvar torsdagar!

MIDDAGSMENY (TORSDAGER KL. 13-19)

- 06.11: Langtidstekte koteletter med potet, grønnsaker og saus
- 13.11: Kyllingsuppe med focaccia
- 20.11: Heimelaga store komper
- 27.11: Flesk, rotmos, potet og kvit saus

☎ Husk å tinge! Kontakt Nina på
tlf. 932 62 168



YMSE >>> FØREJOLSTIDA

BYGLANDSFJORD GRENDELAG



Byglandsfjord Grendelag har også i år gleda av å invitere alle born til juleverkstad 🧑🏻 i Årdalshallen på Byglandsfjord

Onsdag 12. november 2025 klokka 17.00 til 19.00

Denne ettermiddagen treng borna ein vaksen med seg, og alle – store som små – vil få servert pølser i brød eller lompe. 😊

Så du treng ikkje tenkje på middag denne dagen 😊

🧑🏻 Vi ønskjer påmelding innan fredag 7. november, og skriv gjerne alder på borna.

Juleverkstaden er gratis.

Påmelding til Kirsten: 48256857

Ta gjerne på deg nisselua og kom for å lage god julestemning saman med oss alle 🧑🏻🧑🏻

🧑🏻 Julehelsing frå Byglandsfjord Grendelag 🧑🏻

JOLEMARKED I OSE GRENDEHUS
LAURDAG 29. NOV. KL. 11.00 -16.00



JOLEMARKNAD I ÅRDALSHALLEN
LAURDAG 15. NOV. KL. 10.00 -15.00

JOLEBORD FOR
PENSJONISTANE
I BYGLAND



Rådet for eldre og personer med funksjonsnedsettingar inviterer til JOLEBORD På Revsnes Hotell **TORSdag 11. DESEMBER** **KL 18.00**

Rådet har kr. 10.000.- som må brukast før nyttår og for å få fult JOLEBORD må me ha ein egenandel:

På kr. 250.- pr. pers som inkluderer varm og kald mat, + dessert. Drikke må den enkelte betale for sjølv. VIPPS til: **95868260** eller **kontant ved fremmøte.** 🪙

Påmelding innan 4. Desember på telefon eller SMS til



Telefon nr: 95868260

Det er plass til 40 stk så ver raskt ute.
«FØRSTE MANN TIL MØLLA o.s.v.»





YMSE

LANDESKOGEN KUNSTSANATORIUM

OPE HUS

laurdag 15.11. kl. 13.00 - 15.00,

Landeskogvegen 86, 4742 Grendi

Landeskogen Kunstsanatorium

inviterer til ope hus før vi set i gang

med renoveringa av det gamle sanatoriet.



Vi fortel litt om planane for Landeskogen Kunstsanatorium, viser rundt i huset og deler tankane våre om korleis vi vil skape ein levande stad for kunst, kultur og fellesskap midt i vakre Setesdal.

Det blir omvising, kaffi og noko godt å bite i, og tid til både prat og spørsmål.

Arrangementet er gratis og ope for alle – så ta med naboen, familien eller ein venn og kom innom!

Vi gler oss til å møte dykk og vise fram huset før det får nytt liv. Hjarteleg velkomen!

SETESDALSMUSEET PÅ RYSSTAD

FØRPREMIERE: SETESDAL - DEN LEVANDE ARVEN


laurdag 08.11. kl. 14.00,

Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Velkomen til førpremiere av dokumentarserien Setesdal - den levande arven.

Serien blei filma våren 2024, regissert og skrive av Kristian Landmark, som har bakgrunn frå dokumentar, kortfilm og teater.

Serien utforskar levande tradisjonar frå Setesdal - frå folkemusikk og dans til handverk og soger - og viser korleis dette framleis lever i dag gjennom menneska som vernar om det. Ein perfekt arena for alle som vil forstå kva «levande arv» eigentleg betyr i praksis.



Setesdalsmuseet



Det blir servering av setesdalsuppe
Alle velkomne!

SETESDAL REGIONRÅD

SETESDALSPRISEN TIL HALLVARD HOMME!

Hallvard Homme blei tildelt Setesdalsprisen 2025 under Setesdalskonferansen på Hovdestøylen torsdag 23.10.

Hallvard driv Plankontoret Hallvard Homme AS. Tildelinga er grunngjeve med m.a. nøkkelrolla han har hatt i utviklinga av flere tettstader i dalen, og det sterke engasjementet han har for distrikta.



NY KONSTITUERT DAGLEG LEIAR I REGIONRÅDET

Karina Sloth, kommunedirektør i Bykle kommune og leiar i kommunedirektørutvalget for Setesdal, er konstituert leiar inntil vidare.



Tekst og arkivfoto: Geir Daasvatn



KVA SKJER I BYGLAND NOVEMBER 2025

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Ved moloen i Åraksbø. Foto: Bygland kommune

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
laurdag 01.11.	Vonheim bedehus	kl. 17 -19	Bedehusbasar
sundag 02.11.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 19.30	Minnegudsteneste
tysdag 04. og 18.11.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
onsdag 05.11.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	kl. 17.30	Film: Ruffen (6 år)
onsdag 05.11.		kl. 19.30	Film: Springsteen (9 år)
onsdag 12.11.	Byglandsfjord grendelag; Årdalshallen	kl. 17 -19	Juleverkstad
laurdag 15.11.	Byglandsfjord grendelag; Årdalshallen	kl. 10 - 15	Julemarknad
sundag 16.11.	Bygland kyrkje; etterpå Vonheim bedehus	kl. 16	Diakonigudsteneste og avskjed Olav Nilsen
sundag 16.11.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	kl. 19	Overraskingsfilm etter publikumsønskje
laurdag 29.11.	Bygland husflidslag	kl. 11 - 16	Jolemarked på Ose
sundag 30.11.	Bygland kyrkje	om kvelden	Ljosmesse

Arrangement i regi av Bygland frivilligsentral (t.d. Bygdemiddag) og Bygland ungdomsklubb: sjå s.7



VELKOMMEN TIL FAMILIEBADING!
Symjebassenget og badstoga på Bygland skule
tysdagar og fredagar kl. 17.00 -20.00

